

Korleis skal Gol vera i framtida? Er det stader, landskap, bygningar eller tradisjonar som du tykkjer er umisselege og som vi må ta vare på?



Gol kommune har starta arbeidet med å lage ein kulturmiljøplan. I samband med dette ynskjer kommunen å vita kva golingane meiner: Kva kulturminne og kulturarv har betydning for deg? Helst ynskjer vi å få inn kunnskap og synspunkt frå folk i ulike aldrar og med ulik bakgrunn.

Kulturmiljøplanen skal omfatte kulturminne, kulturmiljø og landskap som vi ynskjer å ta vare på, for oss sjølve og dei som kjem etter oss. Planen kan femne eldre og nyare bygningar, store og små kulturmiljø og landskapsområde, andre spor frå eldre tider, og dessutan hendingar, tru og tradisjonar som er verdifulle å oppretthalde.

Kan du tenkje deg å invitere vene og kjende til eit ‘gjestebod’ der de diskuterer spørsmål knytte til dette? Gjestebod er ein ny måte for å hente innspel til planarbeid. Det er eit uformelt samtaleforum der ein person inviterer ein eller fleire gjester til ein hyggeleg samankomst for å diskutere fritt og ope spørsmål som kommunen har utarbeidd. Kven du vil invitere til gjesteboden, kvar og når de skal samlast, avgjer du sjølv. Som gjestebodsvert har du ansvar for å sende inn ei kort oppsummering av diskusjonen til kommunen i etterkant.

Kulturmiljøplanen vil bli utarbeidd av NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) på oppdrag frå Gol kommune. Ta kontakt med oss for meir informasjon.

NIKU: Siv Leden [siv.leden@niku.no](mailto:siv.leden@niku.no)

Gol kommune: Mads Elbrønd [mads.elbrond@gol.kommune.no](mailto:mads.elbrond@gol.kommune.no)

